# Skogen vidare i nasjonal konkurranse

Anne Elisebeth Skogen frå Sand gjekk fredag kveld vidare til nasjonal konkurranse i storyslam på Fugl Fønix i Etne. Den nasjonale konkurransen vert i Oslo i juni. Dette er tredje gongen Skogen går vidare til den nasjonale konkurransen i Storyslam. Det var i alt fire forteljarar som deltok i konkurransen i Etne på fredag. Ein deltakar frå Etne, ei frå Sand og to deltakarar frå Haugesund.

Konkurransen vart skipa av Norsk Fortellerforum i samarbeid med Forteljefestivalen i Etne og Fugl Fønix Hotel.

Det er første gong Etne er arrangør av den regionale konkurransen av storyslam. I tillegg til Etne vil det vera konkurransar i Tromsø, Trondheim, Bergen, Stavanger, Tønsberg og Hamar.

Leiar i Norsk Fortellerforum, Torgrim Mellum Stene, er stornøgd med at ein i år har regionale konkurransar på sju ulike stader i landet.

**Tekst og foto:**
**Astrid E. Hjelmeland**




**Kvalifisert til nasjonal Storyslam, Anne Elisebeth Skogen saman med leiar i Norsk Fortellerforum Torgrim Stene Mellum.**